



## REPRESENTANTSKAPSMØTE

Møtedato: 05.06.23

Sak nr: 07/23

Sakshandsamar: H. Lysø

### Val av medlemmer og varamedlemmer i styret

**Vedlegg:** Retningslinjer for valnemnda  
Nøkkelforo om sitjande medlemmer og varamedlemmer i NGIR sitt styre, og om aktuelle nye kandidatar til styreverv hjå NGIR  
Oversyn over kva kommunar styremedlemmer, varamedlemmer, styreleiar og nestleiar i styret har vore frå i perioden 2013-d.d.

#### Sakutgreiing

Oppstillinga under syner samansetjinga av NGIR sitt styre, med varamedlemmer, i dag. I parentes er oppgjeve kva år dei ulike medlemmene står på val.

#### *Styremedlemmer:*

Ottar Skjelvik, Alver (2023)  
Ragnhild Tykhelle Langøy, Austrheim (2023)  
Leif Hosøy Sleire, Alver (2024)  
Solfrid Sagstad, Alver (2024)  
Erling Nessen, Solund (2024)

#### *Varamedlemmer:*

1. vara: Martin Karlsen, Fedje (2023)  
2. vara: Øyvind Bratshaug, Alver (2023)  
3. vara: Kamilla Renathe Birkeland Haukeland, Masfjorden (2023)

I tillegg har dei tilsette hjå NGIR valt Liv Eriksen Eide som styremedlem, og Oddvin Steinstø som vara (for 2 år, frå mai 2022).

*Representantskapet har for perioden 2019-2023 valt følgjande medlemmer til valnemnda:*

Hardy Pedersen (Austrheim)  
Nina Stabell Øvreås (Alver)  
Liv-Anne Aanesen (Modalen)  
Ragnvald Tangedal (Masfjorden) – 1. vara  
Bjarte Undertun (Gulen) – 2. vara

Valnemnda valde i sitt første møte Nina Stabell Øvreås til leiar, og Hardy Pedersen til nestleiar.

I NGIR sine vedtekter, § 13, står følgjande om samansetjinga av styret:

*Styret i selskapet skal ha 5 medlemmer, og i tillegg 3 varamedlemmer i prioritert rekkjefølgje. Første varamedlem møter fast i styret, som observatør med talerett.*

*Styremedlemmene og varamedlemmene vert valde av representantskapet. Representantskapet vel og leiar og nestleiar i styret. Funksjonstida til styremedlemmene er 2 år, medan varamedlemmer, leiar og nestleiar vert valde for 1 år. Attval kan finna stad.*

*Dagleg leiar eller medlem/varamedlem i representantskapet kan ikkje vera medlem eller varamedlem i styret.*

*Ved val av styremedlemmer og varamedlemmer skal det takast omsyn til:*

- *Personlege kvalifikasjonar for oppgåva*
- *Den samla kompetansen i styret*
- *Kontinuitet i styrearbeidet*
- *At reglane i IKS-lova § 10 / Aksjelova §20-6 om representasjon av begge kjønn i styret vert oppfylte*
- *Geografisk fordeling i NGIR-regionen \**

*\* Minst eit styremedlem skal alltid vera frå vertskommunen Alver.*

*I tillegg til styremedlemmer som nemnt over, kjem eventuelle tilsettere representantar i samsvar med § 10 i Lov om interkommunale selskap.*

Hausten 2020 gjorde representantskapet vedtak om å ta inn følgjande setning i Retningsliner for valnemnda: «*Ved val av nye styremedlemmer skal kandidaten vera busett i ein NGIR-kommune.*»

### **Valnemnda sitt arbeid før NGIR sitt årsmøte 2023**

Valnemnda har hatt to møte i Kjevikdalen, i tillegg til korrespondanse på epost og kontakt med aktuelle kandidatar.

Ottar Skjelvik (Alver) og Ragnhild Tykhelle Langøy (Austrheim) har gjeve melding om at dei ikkje ynskjer å stilla til attval.

Leif Hosøy Sleire (Alver), Solfrid Sagstad (Alver) og Erling Nessen (Solund) står ikkje på val i år. Alle varamedlemmene står på val kvart år.

Martin Karlsen (Fedje) har sagt seg viljug til å stilla til attval som 1. vara.

Øyvind Bratshaug (Alver) er viljug til å stilla til attval, og er og viljug til å stilla som kandidat som fast styremedlem.

Kamilla Renathe Birkeland Haukeland (Masfjorden) er viljug til å halda fram som 3. vara.

Valnemnda har hatt samtaler med dagleg leiar og med sitjande styreleiar for å få innspel til arbeidet sitt. Valnemnda har lagt vekt på å finna gode kandidatar for å erstatta dei styremedlemmene som no går ut av styret. For å sikra kontinuitet i styringa av selskapet i ei tid der det er planlagt stor omstilling i selskapet, føreslår valnemnda at dei medlemmene som er viljuge til å ta attval, vert attvalde, og at noverande 2. vara (tidlegare 1. vara) vert valt inn som fast styremedlem.

### **Valnemnda sitt framlegg til vedtak**

Styret i NGIR får følgjande samansetjing etter årsmøtet 05.06.23:

#### *Styremedlemmer:*

Leif Hosøy Sleire, Alver (2024)  
Solfrid Sagstad, Alver (2024)  
Erlend Nessen, Solund (2024)  
Øyvind Bratshaug, Alver (2025)  
Kate Bentzen, Austrheim (2025)

#### *Varamedlemmer:*

1. vara: Martin Karlsen, Fedje (2024)  
2. vara: Siv Aina Gullbrå, Modalen (2024)  
3. vara: Kamilla Renathe Birkeland Haukeland, Masfjorden (2024)

I parentes er oppgjeve kva år dei ulike medlemmene står på val neste gong.

I tillegg har dei tilsette hjå NGIR valt Liv Eriksen Eide som styremedlem, og Oddvin Steinstø som vara (for 2 år, frå mai 2022).

# Retningslinjer for valnemnda for representantskapet i Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS (NGIR)

*Sist revidert av representantskapet 26.10.20*

1. Valnemnda skal ha 3 medlemmer og 2 varamedlemmer. Valnemnda vert valt av representantskapet, blant representantskapet sine medlemmer, på konstituerande møte.
2. Valnemnda skal gje innstilling til representantskapet om følgjande val (jf. vedtektene til NGIR, §§ 8, 9, 10, og 13):
  - Val av leiar og nestleiar i representantskapet
  - Val av valnemnd
  - Val av medlemmer og varamedlemmer i styret
  - Val av leiar og nestleiar i styret
  - Eventuelle andre valInnstilling frå valnemnda skal sendast ut saman med sakspapir minst 14 dagar før møte i representantskapet.
3. Til konstituerande møte for nytt representantskap førebur sitjande valnemnd dei val som er nemnt i dei to første strekpunkt i punkt 2. Ny valnemnd førebur val etter strekpunkt tre og fire i punkt 2 til representantskapet sitt årsmøte.
4. Medlemmer og varamedlemmer i valnemnda vert valde for 4 år, og har funksjonstid fram til nytt representantskap har konstituert seg og valt ny valnemnd. Valnemnda vel sjølv leiar og nestleiar.
5. Leiar og nestleiar i representantskapet vert og valde for 4 år, med same valperiode som representantskapet. Funksjonstida er fram til nytt representantskap har konstituert seg og valt ny leiar og nestleiar.
6. Valperioden til styremedlemmene er 2 år. For å unngå utskifting av heile styret samstundes, skal vekselvis 2 og 3 medlemmer stå på val kvart år. Leiar og nestleiar i styret, og varamedlemmer, vert valde for eitt år.
7. Styret skal ha det tal medlemmer og varamedlemmer, og den samansetjing, som står i vedtektene til NGIR, § 13. Ved val av nye styremedlemmer skal kandidaten vera busett i ein NGIR-kommune.
8. Dagleg leiar kan ikkje vere medlem eller varamedlem i styret. Vert medlem av representantskapet valt inn i styret, kan vararepresentant rykkje inn i representantskapet, og kommunen velja nytt varamedlem.
9. Valnemnda har plikt til å spørja aktuelle kandidatar før dei vert innstilt til val eller attval.
10. Administrasjonen i NGIR er sekretær for valnemnda, og kallar saman valnemnda i god tid før representantskapet skal føreta dei aktuelle val.
11. Representantskapet kan gjera vedtak om endring av retningslinjer for valnemnda.

## Nøkkelinformasjon om sittjande styremedlemmer og varamedlemmer i NGIR sitt styre

**Ottar Skjelvik**

*Styremedlem frå 2005 – d.d.*

*Nestleiar i styret frå 2012 – 2020*

*Styreleiar frå 2020 – d.d.*

*Ynskjer ikkje attval.*



**Leif Hosøy Sleire**

*Styremedlem frå 2020 – d.d.*

*Nestleiar i styret frå 2020 – d.d.*

Bustad: Isdalstø, Alver

Fødd: 1967

Utdanning: Driftsøkonom, bedriftspedagogikk, strategisk leiarskap.

Noverande stilling: Prosjektøkonom i Hære Entreprenør.

Kompetanse valnemnda har lagt vekt på: Har vært medlem av representantskapet i NGIR i to periodar og kjenner selskapet godt. Flink til å samarbeida og skapa resultat ilag med andre. Engasjert og bidrar til utvikling.

**Ragnhild Tykhelle Langøy**

*Styremedlem frå 2017 – d.d.*

*Ynskjer ikkje attval.*



### **Solfrid Sagstad**

*Styremedlem frå 2020 – d.d.*

Bustad: Frekhaug, Alver

Fødd: 1980

Utdanning: Doktorgrad innan biomedisinsk forskning, mastergrad i human og eksperimentell fysiologi.

Noverande stilling: Executive Market Manager, Motitech AS.

Kompetanse valnemnda har lagt vekt på: Marknadsutvikling. Flink til å vidareutvikla og forbetra strukturar og sentrale rutinar. Er nøyaktig, ryddig og strukturert.



### **Erlend Nessen**

*Styremedlem frå 2022 – d.d.*

Bustad: Hardbakke, Solund

Fødd: 1988

Utdanning: Starta som lærling på elektroavdelinga til Equinor Mongstad, og "gjekk gradene" via litt forskjellige stillingar; alt frå elektromontør og bas, til disiplinleiar i fleire revisjonsstansprosjekt og senioringeniør på vedlikehaldsavdelinga.

Tok ingeniørutdanninga gjennom eit samlingsbasert studie på NTNU i Trondheim.

Yrke/stilling: Jobbar no i HAFS Elektro & Rør AS si avdeling i Solund, som elektroingeniør og serviceleiar, samt installatør/fagleg ansvarleg.

Anna: Er styremedlem i Solund næringsksamskipnad, og medlem i Solund forliksråd, i tillegg til nokre andre verv i frivillige lag og organisasjonar – m.a. leiar i Solund skyttarlag.



**Martin Karlsen**

*1. vara frå 2022 – d.d.*

Bustad: Fedje

Fødd: 1986

Utdanning: Industrimekanikar. Har og fagbrev som industrirøyrleggjar.

Yrke/stilling: Jobbar for Odfjell Drilling på Sverdrup-feltet. Er styremedlem i Industri og energi i Odfjell Drilling.

Anna: Er aktiv i lokalmiljøet på Fedje, og sit m.a. i styret i idrettslaget, driv Fedje symjeklubb, og er administrator for Facebook-gruppene Clean Ocean Fedje og La oss gjøre Fedje plastfritt på land og i vann. Er oppteken av miljø, og har ved fleire høve organisert ryddeaksjonar på Fedje for å fjerna marint avfall. Ønskjer å vera ein del av styret i NGIR for å bidra til utvikling innan renovasjon, og tala utkanten sine saker.



**Øyvind Bratshaug**

*1. vara frå 2019 – 2020 og frå 2021 – 2022.*

*2. vara frå 2022 – d.d.*

*Har takka ja til stille til val som fast medlem i NGIR sitt styre (og til å vera kandidat til vervet som nestleiar – sjå sak 09/23).*

Bustad: Rosslund, Alver

Fødd: 1967

Utdanning: Master innen strategi og ledelse (BI), Executive MBA innen teknologi og innovasjon (NHH Fintech 2020) og Bachelor innen produksjon, der ledelse av forsyningskjeder er sentralt. Studier ved Høgskolen i Molde innen bærekraft og sirkulærøkonomi (plukker relevante fag).

Yrke/stilling: Adm.dir. i A2G Gruppen AS. Variert tidligere arbeidserfaring.



**Kamilla B. Haukeland**

*3. vara frå 2021 – d.d.*

Bustad: Hostelnd, Masfjorden

Fødd: 1977

Utdanning: Sosionomutdanning

Yrke/stilling: Sosionom NAV Masfjorden



**Liv Eriksen Eide**

**Kunderådgjevar Næring**

*Tilsettrepresentant 2022 – 2024*

*Vara tilsettrepresentant 2020 – 2022*



**Oddvin Steinstø**

**Maskinkøyrar / Ass. avd.leiar Utedrift**

*Vara tilsettrepresentant 2022 – 2024*



## Nøkkelinformasjon om aktuelle nye kandidatar til styreverv hjå NGIR (2023)



**Kate Bentzen**

*Har takka ja til stille til val som fast medlem i NGIR sitt styre.*

Bustad: Austrheim

Fødd: 1974

Utdanning: Master i økonomi og administrasjon – siviløkonom. Tilleggsutdanning innan Næringsutvikling, innovasjon og kompetanseutvikling, og innan Internasjonal forretningsutvikling.

Yrke/stilling: Næringsrådgjevar – Samfunnsutvikling og næring – Alver kommune. Har tidlegare arbeid mange år i Nordhordland Næringshage AS (m.a. som dagleg leiar og som forretningsutviklar).

Anna: Er styremedlem (og tidlegare styreleiar) i Kilstraumen Brygge AS.



**Siv Aina Gullbrå**

*Har takka ja til stille til val som 2. varamedlem i NGIR sitt styre.*

Bustad: Balane, Modalen

Fødd: 1976

Yrke/stilling: Kundekonsulent i Uni Micro AS.

Anna: Er nestleiar i styret i Coop Modalen, har vore innom styre i idrettslag og vellag, og har sete i kommunestyret i Modalen i to periodar.

**Tabellen under viser kva kommunar medlemmene og varamedlemmene i NGIR sitt styre har vore frå sidan 2013:**

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
<b>Alver</b>								3 styrem. + 1. vara	3 styrem. + 1. vara	3 styrem. + 2. vara
<b>Austrheim</b>	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.
<b>Fedje</b>	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	-	2. vara	1. vara
<b>Gulen</b>	3. vara	2. vara	2. vara	2. vara	-	-	-	-	-	-
<b>Lindås</b>	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.			
<b>Masfj.</b>	1. vara	Styrem.	Styrem.	1. vara	1. vara	1. vara	3. vara	3. vara	3. vara	3. vara
<b>Meland</b>	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem. + 1. vara			
<b>Modalen</b>	Styrem.	3. vara	3. vara	3. vara	2. vara	2. vara	2. vara	2. vara	-	-
<b>Radøy</b>	2. vara	1. vara	1. vara	Styrem.	Styrem.	Styrem.	Styrem.			
<b>Solund</b>	-	-	-	-	3. vara	3. vara	-	Styrem.	Styrem.	Styrem.

**Tabellen under viser kva kommunar leiar/nestleiar i NGIR sitt styre har vore frå sidan 2013:**

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
<b>Leiar</b>	Lindås	Lindås	Lindås	Lindås	Lindås	Lindås	Lindås	Alver	Alver	Alver
<b>Nestleiar</b>	Meland	Meland	Meland	Meland	Meland	Meland	Meland	Alver	Alver	Alver